

AVTALE OM GRAVSTELL

for graver på kyrkjegardane i **Øygarden** (denne avtalen har 2 sider)

Dette seier kyrkjegardsvedtektene i Øygarden om gravstell

§ 8. Gravstellsavtale

Mot innbetaling av ein bestemt sum til gravstellsavtale, vil kyrkjeleg fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Midlane som dekker avtalen vert forvalta av kyrkjevevja. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkja utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ein fastsett periode. Det skal i kvart einskilt høve opprettast ein kontrakt. Avtalen kan ikkje gjelda for lenger tid enn den fredningstida eller festetida som er att av for gravstaden.

Når midlane ikkje dekkjer rekninga for eit nytt år, vil den ansvarlege eller festaren av gravstaden få melding om dette. Det er då høve til fornying eller avvikling av avtalen. Overskytande midlar tilfell kyrkjeleg fellesråd og skal nyttast til å gjera gravplassen vakrare.

Administrasjonskostnadar vert belasta gravstellsavtalen etter fastsette satsar. Midlane vert forvalta på felleskonto, men det vert ført detaljert rekneskap for kvar avtale, med årleg revisjon samtidig med revisjon av kyrkjeleg fellesråd sin rekneskap.

Dette er eit utdrag av kyrkjegardsvedtektene for kyrkjegardane i Øygarden.

Kyrkjegardsvedtektene kan lesast i heilskap her: www.kyrkja.no/oygarden under fana Gravferd

1. GRAVSTELLSAVTALEN OMFATTAR

- Planting av påskeliljer (rundt påsketider).
- Planting av sommarblomar i mai/juni.
- Planting av lyng på hausten.
- Krans til jul.
- Etter kvart som det vert planta nytt vil kyrkjegardsarbeidaren fjerna tidlegare planting.
- Dersom pårørande/festar sjølv har planta på grava, vil kyrkjegardsarbeidaren **ikkje** fjerne desse plantane ved neste planting etter gravstellsavtalen.

Presisering: Gravstellet etter denne avtalen er enklare enn det som ofte vert gjort av pårørande/festar av grava, som t.d. vatning av blomar sommarstid. Ved tørke dekker ikkje avtalen fullt ut kontinuerleg vatning.

2. KORLEIS FUNGERER AVTALEN

Den som bestiller gravstell betaler inn eit beløp som normalt skal gjelde for **4 år**. Avtaletidspunkt frå **1. august** eller **1. januar**. Dette er for å ha klare tilhøve i forvaltninga av avtalen. Ved avtale frå 1. august vert første planting lyng (haust) og frå 1. januar vert første planting påskeliljer (sjå punkt 1).

Øygarden kyrkjelege fellesråd forvaltar summen og kjøper inn blomar og kransar i samsvar med avtalen. Kyrkjegardsarbeidaren steller grava i samsvar med punkt 1.

I året før utgangen av avtalen vert bestillar kontakta med spørsmål om avtalen skal forlengast.

Ved justering av satsen vil satsen som var ved inngåing av avtalen gjelda ut avtaleperioden.

Det vert sendt faktura på den avtalte summen. Avtalen gjeld ikkje før beløpet er registrert på konto hos Øygarden kyrkjelege fellesråd.

